

## NORSK STEINMORAL.

Av Torgeir T. Garmo.

—Når ein sjølv sit i glasshus, skal det vera lite klokt å kaste stein—. Som mineralhandlar burde eg derfor ha vett nok til å halde meg borte frå dette temaet, men når eg likevel tek det opp, er det fordi eg har lyst til å kunne vandre fritt omkring og samle stein også i framtida. Og fordi eg er redd for at ein aukande misbruk av dagens samlerfridom snart kan føre til svært strenge restriksjonar, meiner eg dette er ein problematikk NAGS bør ta opp til drøfting medan det ennå er tid.

Litt forenkla kan problematikken skisserast slik:

- 1 Tilhøve mellom samlarar og ressursane (dvs. ulike typer forekomster)
- 2 Tilhøve mellom samlarar og dei ulike verneomsyn (dvs. repr. v/musea)
- 3 Tilhøve mellom samlarar og grunneigarar.
- 4 Tilhøve mellom samlarar og forhandlarar.

Det nyttar ikkje i ein stutt artikkel å behandle grundig heile dette sakskomplekset, eg skal derfor her berre kaste fram nokre få tankar til vidare debatt.

# STENSLIPING

Norges nye »nasjonalhobby». Stikk innom oss og se vårt store utvalg til rimelige priser.

- Slipeutstyr
- Råsten
- Innfatninger
- Mineraler
- Stensmykker
- Presangartikler
- Cabochoner i norsk sten og mye mer

# GEO-HOBBY

Trondheimsvn. 6, Oslo 5.

Tlf. (02) 37 67 88

Åpent: 10.00 – 16.00 (13.00)

Mandag stengt.

1. Blandt anna talet på medlemmer i NAGS tyder på at det raskt blir fleire steinsamlarar her i landet, samstundes aukar trafikken frå utlandet sterkt. Og sjølv om det stadig blir funne fleire forekomster, er det eit faktum at den totale mengda av slipemateriale/mineralar er begrensa. Når det såleis blir fleire å dele på, må det sjølv sagt bli mindre på kvar enkelt.

Dette faktum har hittil vore motvirka av at det har dukka opp så mykje nytt i vegskjæringar/tomtefelt osv. Desse »nye» forekomstene har oftast berre kort levetid, dvs. at dei er tilgjengele i anleggstida. Dei »klassiske» forekomstene er helst slike som er oppdaga/drivne for eit par mannsaldre sia, t.d. vesuvianen på Hamrefjell. Dagens samlarar har kjemt tippene gong på gong slik at dei nå tek til å bli temmeleg renska. Nye mineral-stuffar må derfor truleg koma frå gruver/steinbrot i drift eller frå anlegg. Få norske forekomster er slike at dei tåler uttak over lengre tid eller i stor skala. Dei bør derfor drivast smått, slik at dei rekk inn i framtida til nye samlarar. Storeksport av norske mineralar vil øydeleggje for alle som ikkje har rask profitt for auga da prisen da går ned til eit minimum, – også for dei som prøver å bytte med materialet seinare.

2. Etter mi meining må det vera sjølv sagt at private samle-/profittinteresser må vike for offentleg, dvs. at steinsamlarar må respektere fullt ut at ein del forekomster som har stor estetisk og/eller vitenskapeleg verdi, slik som Låven og Helgehornet (i Åheim). Det som stundom kan diskuteras er om ei slik fredning skal omfatte berre fast fjell, eller også tippaugar. Etter mi mening er det siste meir enn tvilsomt, i mange tilfelle vil tidlegare utskote materiale ofte forvitre fort. I alle fall må det reagerast langt strengare på brot enn hittil, ellers blir ei fredning berre gratisarbeid for småkjeltringar som alltid tek seg til rettes med eit stort fleirtal av steinsamlarane elles fylgjer spelets reglar.

Det er også viktig at Staten/Musea ikkje går for langt med fredningar, da vil respekten for freda forekomster minke og den enkelte vil kjenne det som eit nytt overgrep på »formyndarstaten». Samtidig blir presset enda større på att-



**FOSSHEIM STEINSENTER, 2686 LOM**

**Tlf.: (062) - 11 205**



**VI HELD OPPE KVAR DAG I SESONGEN, OGSÅ SUNDAGAR  
FOR 1981 SER KURSPROGRAMMET VÅRT SLIK UT:**

- 27/5 - 31/5 – Steintreff. Pris 2 dg. - kr. 320,-, 3 dg. - kr. 450,-, 4 dg. - kr. 560,-
- 4/6 - 8/6 – Slipekurs. Pris 4 dg. heilpensjon m/undervisning kr. 960,-
- 5/7 - 19/7 – Aktivitetsveker. Tur med kjentmann kvar dag.
- 6/8 - 10/8 – Slipekurs. Prisar som for fyrste kurset.
- 8/8 - 15/8 – Geologikurs. 7 dg. heilpensjon m/undervisning, kr. 1480,-
- 10/9 - 13/9 – Steintreff. Prisar som for vårens steintreff.

**SKRIV ELLER RING ETTER NÆRARE OPPLYSNINGAR.**

verande forekomster. Truleg ville det vera ein fordel om NAGS hadde eit medlem i »fredningsgruppa» på musea. Da kunne samarbeidet kanskje bli så bra mellom samlarane og musea at det vart ein sjølvsgatt ting for dei fleste at musea skulle ha minst ein godstuff av kvart nytt funn!

3. Sist haust vart smaragdgruvene ved Minnesund stengde for samlarar, og mange andre stader har det heitt seg at det har vore uråd å få koma inn siste åra.

Vanlegvis heiter det seg at grunneigaren er »heilt håplaus» dersom han ikkje vil ha framandfolk rennande på eigedomen sin i tide og utide. På Byrud har det i fleire år vore ei kasse der samlarar betalde ein symbolsk sum for å plukke. Dette har vore ei grei ordning, men enkelte har kome med heile slekta og slegi seg til for ei vekes tid, framleis for kr. 10,—. På denne tida har dei grave seg fram så større tre har gått over ende, og dei har lagt att søppel i store mengder. I det heile ser det ut til at mange samlarar trur dei har ein grunnlovsfesta rett til å fylle bilen sin med stein der dei vil, gratis og franko, og forlate staden tilsvina av søppel og ekskrement.

Det er heilt sikkert at dersom NAGS sjølv ikkje tek opp denne problematikken og prøver å skaffe avtaler med aktuelle grunneigarar, vil fleire og fleire forekomster bli stengde dei neste åra, og kom berre ikkje og fortel meg om alle dei håplause grunneigarane. I løpet av dei siste 15 åra har eg sjølv vore innom dei fleste av mineralforekomstene sør for Narvik. Dei aller fleste stader har vi greitt funne fram til grunneigaren, og ein (!) gong har eg fått nei til å hente stein.

At ein tilbyr ei rimeleg betaling for det ein tek med, er etter mi meining sjølvsgatt. Og »rimeleg betaling» er ikkje den prisen industrien betaler, det er trass alt få av oss som treng dei mengdene. Her kunne NAGS sikkert koma fram til eit »mønster».

## **NORSK STEIN-HOBBY**

**VALDRESGATE 2, OSLO 4.**

STORT UTVALG I UTSTYR FOR:

SMYKKESTEINSLIPING,  
TROMLING OG SAGING.

SØLV OG FATNINGER  
FOR SMYKKELAGING.

DEMONSTRASJON OG KURS  
GIS I VÅRT SLIPEVERKSTED.

TLF. 35 26 29.

ÅPNINGSTIDER:

MANDAG OG ONSDAG KL. 14.00 – 19.00, LØRDAG KL. 10.00 – 15.00



4. Kva plass har så mineralhandlarane i dette bilete?

Ofte, som i USA, kan forhandlarane virke som ein mellommann mellom samlaren og grunneigaren/forekomstene. Dvs. at mineralhandlarane kan vera den som gjev løyve/informasjon, og butikken kan fungere som ein samlingsstad for folk med felles interesse. Dei fleste steinhandlarar i landet vårt har nå ein vesentleg del av salget sitt frå maskiner og utstyr, men dei har også eit tilbod av norske og utanlandske mineral/slipemateriale. På denne måten hjelper steinhandlarane til å gjere hobbyen rikare, gjev idear og impulsar og skaffar ofte fram materiale som elles aldri ville vore tilgjengeleg.

I Noreg, som i mange andre land, går ein stadig større del av omsetninga for seg ved salg og bytte på messer. Dette er vel og bra, men det kan bli vanskeleg dersom det økonomiske aspektet heilt skal få overtaket i hobbyen. Og som steinhandlar vil eg understreka at vi som er registrerte næringsdrivande med moms og skatt sjølv sagt ikkje alltid kan konkurrere på prisane med dei som har steinsalg som rein hobby. Dersom for mange tek til å selja på si (utan avgifter), kan også dette tvinge fram kontrolltiltak frå myndighetene (som i Østerrike), derfor bør nok ein del snart bestemme seg om dei vil bli registrerte steinhandlarar eller samlarar på hobbybasis, elles gjer dei i lengda den hobbyen dei har valgt ei dårleg teneste.

Og, alle saman bør vi innsjå at vi forvaltar ein av naturens vakraste eingongsressursar.



**VELKOMMEN TIL  
STEINFORRETNING PÅ FAGERNES.**

**Ola's**



**IMPORT & AGENTUR  
STEIN - SMYKKER - MINERALER  
SLIPEUTSTYR**

**SLIPE-OG SAGEUTSTYR  
STEIN-TROMLERE  
RÅSTEIN (Ca. 70 typer)  
FATNINGER  
KNOW HOW (12 års erfaring)  
MINERALER  
STORT UTVALG I SMYKKER  
STEINBORD  
PYNTEGJENSTANDER**

**KVALITET TIL  
RIKTIGE PRISER**

POSTORDRE:  
BE OM KATALOG KR. 10,-  
SOM BLIR REFUNDERT  
VED KJØP AV UTSTYR.

Tlf. 061 52900/1809  
2900 FAGERNES

